



Sogndal kommune  
Postboks 153  
6851 SOGNDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Aase Bruntveit Njøs,

## Vedtak om utbetaling av tilskot

Statsforvaltaren i Vestland viser til innstilling av 9. mars 2021 frå Samarbeidsforum i desentralisert ordning for grunnopplæring.

### Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland tildeler 153 730 kroner til Sogndal kommune, organisasjonsnummer 922 121 893. Midlane skal nyttast til prosjektet *lesing, knytt til sektormål: elevane skal meistre grunnleggjande dugleikar og ha god fagleg kompetanse*.

Tilskotet vil bli utbetalt til kontonummer 3705 40 15462, og merka med «desentraliserte kompetansemidlar skule».

### Vilkår for bruken av tilskotet

Tilskotet skal nyttast i tråd med retningslinene for tilskotsordninga og tilrådinga frå Samarbeidsforum.

### Rapport frå tilskotmottakar

Sogndal kommune skal levere ein rapport til Statsforvaltaren i Vestland om bruken av midlane. I rapporten skal kommunen gjere greie for kva for tiltak som er gjennomført og korleis midlane er nytta. Kommunen skal i tillegg gi ei vurdering av måloppnåing, jf. punkt 2 i retningslinene for tilskotsordninga.

Rapporteringsfristen er 15. januar 2022. Rapporteringa skjer via Utdanningsdirektoratet sitt høyringsystem, og Statsforvaltaren vil sende ut lenke i god tid før rapporteringsfristen.

### Oppfølging og kontroll

Statsforvaltaren i Vestland kan kontrollere at midlane vert nytta etter intensjonane, jf. bevilgningsreglementet for staten § 10. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hjå tilskotmottakarane for å kontrollere at tilskotet er nytta etter forutsetningane, jf. lov om Riksrevisjonen § 12 tredje ledd. Dersom midlane ikkje vert nytta etter intensjonen skal vi ha melding om dette, og midlane skal betalast tilbake til Statsforvaltaren.



Med helsing

Lill Mona Solberg  
fung. seksjonsleiar

Aase Bruntveit Njøs  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE